

1. Liv Ulvøy Kjeilen



2. John-Kåre Krokene

Eg er 41 år og arbeider som daglig leiar i ein behandlingsbedrift for miljøfarleg avfall på Mongstad Base. Eg flytta til Austrheim kommune i 2006 sammen med min kone og 3 barn. Eg er spesielt oppteke av miljø og næringspolitikk.



3. Kjell Matre

Eg er 65 år, er gift, har tre born og ni barneborn. Eg er utdanna som lærar, og har tidlegare arbeidd på spesialskule., men sidan 1982 har eg arbeidd som lærar i Austrheim kommune. Eg jobbar for tida med vaksenopplæring i kommunen, og er delvis AFP-pensjonist. Eg er m. a. oppteken av at dei funksjonshemma må få så god livskvalitet som mogeleg, og at kulturlandskapet vert halde i hevd.



4. Vidar Dahle

Eg er 50 år og jobber som materialplanlegger ved Mongstad Base. Eg er gift og har 2 barn, og vart nyleg morfar. Eg er opptatt av at næringslivet skal få gode vilkår. Problemene med Sitkagrantrea bør det gjerast noke med.

- 5. **Peggy Kjenes** (1968)
Austrheim
- 6. **Målfrid K. Ulvøy** (1948)
Austrheim
- 7. **Tore Lerøy** (1946)
Austrheim
- 8. **Astrid Kjenes** (1947)
Fonnes
- 9. **Kristian Espelid** (1987)
Austrheim
- 10. **Jimmy Nærland** (1952)
Fonnes
- 11. **Rita Lerøy** (1950)
Austrheim
- 12. **Norlaug Matre** (1945)
Austrheim

- 13. **Margot Hop** (1946)
Austrheim
- 14. **Torunn H. Karlsen** (1945)
Austrheim
- 15. **Nils Møvik** (1935)
Fonnes
- 16. **Helle Tangen** (1963)
Austrheim
- 17. **Erlend Einevoll** (1967)
Fonnes
- 18. **Björg S. Ulvøen** (1956)
Austrheim
- 19. **Arne Kjenes** (1944)
Fonnes

Din kandidat i Austrheim Liv Ulvøy Kjeilen



Eg er 52 år og arbeider som helsesekretær ved Austrheim legekantor. Eg er født og oppvaksen på Ulvøyna i Austrheim. Eg er gift, og har to barn og eit barnebarn.

For meg er det viktig at Austrheim er ein trygg og god kommune å vekse opp i. Dette har gjort at eg har vore aktiv i ulike lag og organisasjonar i kommunen gjennom mange år.

Som lokalpolitikar vil eg engasjere meg spesielt for å ta vare på lokalhistoria vår, samt å bidra til at barn og unge har oppvekstvilkår som gjer at dei har lyst å komme heim å busetje seg i kommunen, etter endt utdanning.



venstre

www.venstre.no/hordaland/austrheim



venstre

MILJØ

I ubåten ved Fedje ligg det Ca. 65 000 Kg med kvikksølv, ein av dei farlegaste miljøgiftene som finns. No er det ein stor risiko for at kvikksølv lek ut i havet. Dette ville vere ein miljøkatastrofe av store dimensjonar, og vil ramme alle som bur her ved kysten.



Austrheim Venstre vil ikkje godta ei passiv haldning. Ubåten skal ikkje dekkast til, då dette kun er ei utsetjing av problemet. Austrheim venstre aksepterer ikkje at miljøproblemet vert videreført til våre barn og barnebarn. Kvikksølvet må fjernast, **no**.

NÆRING

Heile tida treng vi nye arbeidsplassar i kommunen. Det betyr at dei bedriftene vi har, må få utvikle seg vidare, og at forholda blir lagt til rette for nyetableringar. Austrheim Venstre går inn for at kommunen, i samarbeid med Næringshagen, inviterer til ei årleg samling for unge menneske, til dømes 15 - 35 år, der tema er gode idear og nyskaping. Både skular, bedrifter og organisasjonar må medverke i rekrutteringsarbeidet til ein slik arbeidskonferanse. Unge etablerarar må trekkast inn i programmet, og ein nyskappingspris kan gjerne knyttast opp motsamlinga.



SKULE

I Austrheim er det to ungdomsskular med 10 km avstand. Venstre meiner det ville vore betre utnytting av ressursane med **ein** ungdomsskule, både når det gjeld lærarkrefter og økonomi. Ei fersk undersøking blant ungdomsskuleelevar viser at dei ynskjer eit felles skulemiljø. **Ei**n ungdomsskule gjer det lettare å byggja opp eit kreativt og trygt ungdomsmiljø i kommunen. På sikt kan dette vera med på å byggja ned kunstige grenser og styrkja relasjonane mellom innbyggjarane i Austrheim



KULTUR

Kultur og næringsutvikling heng nøye saman. Folk som vil etablera bedrifter, eller som kjem for å bu og arbeida her, vil ha eit aktivt kulturliv. Hos oss er det dei frivillige lag og organisasjonar som er berebelken i det rike kulturlivet som alt finst i Austrheim. Desse laga må få auka tilskot for å kunna gje eit **endå** betre kulturtilbod for innbyggjarane i kommunen.



SOSIALT ANSVAR

Sjølv om no fleirtalet i Stortinget har vedteke å tvinge alle kommunar til å plassere ut speleautomatar, vil Austrheim Venstre likevel arbeide for at dette skal endrast og at kommunane sjølve skal bestemme i denne saka. Meir enn 70.000 menneske er speleavhengige. Skal nærdemokratiet ha meining, må den einskilde kommune kunne redusere dette helse- og miljøproblemet lokalt. Det kan ikkje vere rett at samfunnet, med opne auge, påfører ungdom og vaksne lidningar for livet. Staten må sjølvstakt kompensere inntektstap for frivillige organisasjonar.



LOKALDEMOKRATI

Direkteval av ordfører har skapt lokal diskusjon og engasjement i forsøkskommunane. Den raud-grøne regjeringa har avslått å innføre ordninga nasjonalt. Austrheim Venstre meiner dette er ei sak for lokaldemokratiet, og vil gå inn for at ved kommunevalet i 2011, skal vår kommune søkje om å få direkteval av ordførar. Vi trur at dette vil skape større interesse for lokalpolitikken hos oss.



Vil du vite meir om Austrheim Venstre?
Gå inn på www.venstre.no/hordaland/austrheim/

Du kan også ta kontakt med vår førstekandidat:
Liv Ulvøy Kjeilen
livukjeilen@yahoo.no
Mobil: 900 77 875

eller vår lokallagsleiar:
John-Kåre Krokene
jkrokene@broadpark.no
Mobil: 47 400 440